

KNUTSLYKKJA

Kirsti Krekling

Plassering i tid og rom


Knutslykkja låg på Koloen i Kvam (Nord-Fron) og var ein mindre jord- og skogeigedom. Plassen har truleg namnet sitt etter Knut Olsen Søre Bakken (1793 – 1846). Han eigde ein gard eit stykke unna og brukte jorda i Knutslykkja som tilleggsjord. Truleg hadde han ei løe, men ingen andre hus der. I 1828 fekk han samtykke frå gardbrukarane i Kvam til å gjerda inn jorda.



Det ser ut til at denne delen av bygda vart fråflytta i ei nedgangstid, kanskje etter svartedauden. I tida mot 1700-talet kom nokre små gardar i Koloen i bruk att. Desse første bruka vart sjøveigande. Etter kvart som bureisinga auka, vart dei nye plassane leiglendingsbruk under gardane i Kvam, som opprinneleg eigde det meste av området. Brukarane svara bygselavgift og hadde inga arbeidsplikt, slik husmennene hadde. Bygselavgifta gjekk inn i Kolo-kassen. Pengane gjekk til fellestiltak i bygda. Gardane fekk sjeldan utbetalt utbytte i tida før Kolo-plassane vart selde etter utskiftinga (1858 – 1861).



Knutslykkja før flytting.



Dei som bygde opp Knutslykkja

Dei som bygde opp Knutslykkja og fekk heimen sin der, var Torger Jonsson Omundlien og kona hans, Ingeborg (Ymbjør) Persdotter Bjørkerusten. Dei gifta seg i 1844, same året som Torger fekk brev på retten på Knutslykkja. Plassen hadde seter på vestsida av dalen mot Kvikne ålmenning.

Folketellinga i 1865

Etter hardt slit i fleire år kunna dei fø tre kyr, fire sauar og like mange geiter på bruket i 1865. Dei sådde 1/16 tønne rug (1 tønne korn = 139 liter), 1/2 tønne bygg, 3/8 tønne blandkorn (havre og bygg), 1 tønne poteter (om lag 1/2 mål). I dag er dette ikkje eit eksistensminimum, men på deira tid måtta mange greia seg med mindre. Ofte måtta Torger, som andre husmenn og småbrukarar, mala halm og blanda i kornet slik at familien fekk mat.

I 1865 har dei vori sjølveigarar på plassen i to år.

Torger og kona er 51 år. Dei er barnlause. I Knutslykkja bur òg mora hennar på 70 år og faren hennar på 81. Han er legdslem og er blind. For Knutslykkja betalte dei 35 spesidaler (tilsvara ein amerikabillett), og dei tok opp lån for å betala Knutslykkja. Det siste avdraget betalte dei i 1874.

Torger dreiv avl av oksar. Han kjøpte eit år gamle stutar, temde dei og brukte dei til køyring (i staden for hest) i tre – fire år. Då selde han dei til slakt.


Arbeidsliv om sommaren

”Når Ingeborg var på sæteren, var Torger alene hjemme. Som oftast var han da borte i arbeide hos andre. Han tok fat 1/2 4 om morgenen og holdt på til solefall. Da gikk han hjemover og gjorde det som trengtes på Knutsløkken. Det kunde ofte bli sent for ham, og dødsens trett var han før han opgav arbeidet. Ofte orket han ikke å klæ av sig. Han bare slengte seg ned på sengen. Men når solen spillet inn gjennom de grønlike vindusruter om morgenen, var han på farten igjen til den gården hvor han arbeidet.

Ingeborg lå heller ikke på latsiden. Ikke før hadde hun en en ledig stund, før hun var i arbeide. Hun hadde ull, karder og rokk med sig. Hun spant for andre og nyttet nok hvert øieblikk." (Sandvig, Anders: *De Sandvigske Samlinger i tekst og billeder*. 1928)

Sosial hjelp

Torger betalte ei årleg avgift på tolv skilling for kvart av dei to jordstykkha han hadde. Dette svarar til om lag fire dagløner for ein vanleg gardsarbeidar i den same tida. Torger fekk så ein avtale om at dersom han tok vare på svigerfaren, slik at han ikke vart ei bør for bygda, slapp han å betala avgifta for jorda. Ut frå dette, gjekk midlane i Kolo-kassen mellom anna til å betala sosial hjelp for dei som trong det.



Legd

Frå midten av 1700-talet var det oppretta fattigkommisjonar i kvart sokn. Dei hadde mellom anna som oppgåve å hjelpa fattige, sjuke og dei som ikkje greidde seg sjølve i samfunnet. Område vart delt inn i legder. Dei hjelpetrengande flytta frå gard til gard og fekk mat og husvære der. Alternativt vart dei i byane plasserte i fattighus eller innlosjerte hos private. Kontant betaling til dei understøtta var uvanleg. I bygdene fekk dei understøtta med eigen bustad ta ut varer hos kjøpmannen. Rekninga gjekk til fattigvesnet.

Folketellinga i 1875

No bur Torger og Ingeborg åleine på plassen. Buskap og såmengde er om lag det same som ti år tidlegare. Dei sette ei tønne poteter i 1865, men berre 1/8 i 1875. Dette er teikn på at det ikkje har vori nydyrking i perioden. Kanskje var det ikkje meir å dyrka?

Folketellinga 1900

No er Torger og Ingeborg 85 år gamle. Dei har framleis husdyr – det nye er høner – og dei driv jorda, utan at denne tellinga oppgir mengder.

Det var seks hus på bruket då Ingeborg og Torger døydde. Det blir fortald om hønene til Ingeborg lenge etter at ho gjekk bort. Dei var å rekna som familiemedlemer og gjekk ut og inn av bustadhuset som dei villa. Enno vert det fortald om kor redd Ingeborg var for at ungane skulla uroa klukkhønene når dei ruga.



Attåtnæring

Vadmålspressa, som står i Knutslykkja i dag, stod ikkje der medan folk budde i huset. På nabobruket var dei skreddarar i tre generasjonar, og der dreiv kjerringa med typressing som ei tilleggsinntekt. Ein av


etterkomarane, som òg var skreddar, selde bruket til Anders Sandvig og kan ha seld med pressa som vart sett inn i huset på Maihaugen.

Styresmaktene kravde sitt av skatter og avgifter, bonden betaling for leige av bruket. Plassfolk måtta ofte skaffa seg arbeid i tillegg til det faste, slik at dei kunna brødfø seg og familien sin.

Knutslykkja til Maihaugen

Torger døydde i 1904 og Ingeborg i 1906. Då var det seks hus på plassen. Ein familie leigde husa frå 1906 til 1910. Innreiinga kan daterast til om lag 1820.

Eit brev til Sandvig fortel at kjøpesummen i 1910 var 850 kroner. Fri køyring til



Stuen. Langsnitt. M. 1:100.

jarnbanestasjonen på Sjoa var inkludert. Bygningane vart frakta frå Knutslykkja i 1912, og Norges Statsbaner bringa tømret fraktfritt til Lillehammer stasjon.

Sandvig hadde ikkje fullmakt frå styret til å kjøpa Knutslykkja, så han kjøpte plassen for eigne pengar til minne om foreldra sine – "om to strevsomme mennesker".

Knutslykkja er eit nyrydningsbruk, men var brukt som døme på ein husmannsplass før Stykkebakken vart flytta til museet.

Bygningar og innreiinga

- Innreidde etter skikken på 1820-talet.

Stuebygningen :

- Kannestol: skap med tallerkenrekke øvst og skaprom nedst.
- "Bånpine": Ei ramme festa til ei stong mellom golvet og taket. Barnet plassert i båndpina kunna berre gå i ring rundt stonga.
- Gåstol: laga av tre, har hjul
- Vogga: heng nær senga, lett for foreldra å vogge ungen.
- "Karmen" : ein trekasse som ungane sov i. Plassert under senga om dagen, ved peisen om kvelden og natta.
- Vadmålspressa: å pressa vadsmål var kvinnearbeid og gav ekstrainntekter. Pressa er frå nabobruket Bjørkerusten.
- Seng og korgmakarutstyr i kleven.



Eldhuset:

- Flatbrødtakke, bakstefjøl og trau.

Aurbua:

- Under aurbua er det kjellar som delvis er graven inn i bakken. Verdfullt kjølerom.
- Bua er stabburet på plassen. Har korn- og mjølbyre. Aldri velfylt.

Fjøset:


- Meir forseggjort enn de andre husa på Knutslykkja.
- Både for småfe og kyr. Plass for tre kyr og kalvar. Ein tredel for sauar og geiter.

Låven:

- Køyring/treskegolv i midten, rom for høyr og korn på kvar side.

Stallen:

- Ein bås til oksen og ein til fôr.
- Stalltrevet har òg rom for fôr – høyr og mose.



Gåstol

Husmannsvesnet

Folkeveksten var stor på 1700- og 1800-talet. Mange nye gardar vart rydda for å skaffa meir mat. Husmannsvesnet løyste folkeoverskotet. Etter odelsloven arva den eldste sonen garden. Yngre søsken fekk rydda og byggja ein plass i nærleiken. Husmannen leigde husa og jorda. Dei betalte avgift for plassen ved å arbeida på garden. Slik kunna dei livberga seg og samstundes ha ein stad å bu. Garden fekk arbeidshjelp, og husmannsfamilien var sikra eit levebrød. Ein stor gard kunna ha mange husmannsplassar, ti eller fleire. Husmennene vart ein underklasse i bygdesamfunnet. I mange bygder i Gudbrandsdalen var det store klasseskille.

Uår

Frå 1836 – 1840 opplevde dalen fire harde uår på rad. Det var stor naud, og fleire stader i Noreg samla folk inn midlar for å hjelpa gudbrandsdølane. I uår blir det uråd å skaffa såkorn. Utan såkorn fekk ikkje folk mat. Mange husmenn måtta slakta

husdyra for å berga livet. Utvegen var å finna ein ny stad å bu der tilgangen på mat og utkome var sikrare. Før amerikafeberan var som sterkast reiste dei fleste frå Gudbrandsdalen til byane, og nordover til Trøndelag og Nord-Noreg. Dei færraste kom attende til dalen. I Bardu og Målselv har dialekten, folkemusikken og mattradisjonane enno likskap med gudbrandsdalskulturen.

Utvandringa

Ottadølane reiste helst ut frå Bergen. Dølane elles tok oftast båt frå Oslo. Dit kom dei til fots eller med hest. Frå 1854 kunna dei reisa den siste vegen med toget frå Eidsvoll. 30 år seinare vart jarnbanen forlenga nordover til Hamar og i 1894 til Tretten.

Den første gudbrandsdølen som utvandra til Amerika, var Jehans Nordbu i 1832. Han var 64 år og hadde fire ungar. Familien slo seg ned i Texas.

Amerika låg langt borte, var stort og ukjent. Å reisa heimefrå til det ukjente var ofte å forlata slekt og heimland for godt. Reisa kosta mange pengar og kravde omfattande førebuing. Mange selde alt dei eigde for å skaffa pengar til billett. Dei skulla òg ha mat nok til sjøreisa som kunna vara frå sju til tolv veker – alt etter ver og vind. Det finnest fleire kjende tilfelle der dølar har brukt 14 – 15 veker på overfarten.

Til turen og starten på eit nytt liv trong dei klede, kjøkenutstyr, sengeklede og reiskapar. Om dei hadde bibel og salmebok, tok dei dei med. Vatn og ved til matlaging fekk dei ombord.

Det var ei lang og slitsam ferd. Vel framme i Amerika hadde mange lang veg att dit dei hadde tenkt seg – til område med store flate vidder dei kunna dyrka. Mange slo seg ned for godt i det nye landet. Om lag 50 000 bende heim til Noreg.

1980: 3 450 000 amerikanarar reknar seg som norsk-amerikanske.

Folketalet i Noreg:

1801: 880 000

1900: 2 100 000

Folkemengde i Gudbrandsdalen:

- 1865 : 52 604
- 1900 : 44 341

Dette er ein nedgang på 15%, trass i at talet på fødsjar var høgt.

Utvandring frå Noreg til USA:

- 1825 – 2005: over 900 000

Amerikabrev

Amerikabreva og fotografia fortalde om nyheiter. Dei fortalde minst om slit og sagn. I mange bygder gjekk breva på rundgang. Interesse for Amerika var stor i bygdene i Gudbrandsdalen. Her var det òg mange som var tingarar av amerikanske aviser. Decorah-Posten og Nordmanden var dei best kjende.

Kjelder:

Folketellingar: 1865, 1875 og 1900.

Fredriksen, Per: Knutslykkja. Gåmålt frå Quam.

Hovdhaugen, Einar: *Gudbrandsdal og Amerika. 150-årsjubileet for den norske utvandring til Amerika 1825 – 1975.*

Krekling, Kirsti: *Maihaugen – en historisk billedbok. 2001*

Sandvig, Anders: *De Sandvigske Samlinger i tekst og bilder. 1928.*

Nyttig artikkel:

Gaukstad, Even: *Utvandrerne og det Norge de forlot. Side 9. Maihaugen 1980 – 1985.*